

# KURS 6

Scenetreff Vest: SØNDAG



*Yvonne Algrøy:*

## KARAKTERBYGGING I FOKUS

Søndag, 6. februar kl. 11.00 - 16.00

Korleis bruke kroppsspråk for å forsterke det sceniske uttrykket?  
Korleis vise tydeleg kven karakteren din er og kvar den er på veg?

I dette kurset skal vi leike både med kropp og stemme gjennom ulike øvingar. Saman skapar vi ulike rollefigurar, lagar historiar, leikar med uttrykk og presenterer for kvarandre.

Har du ein monolog du er glad i og vil jobbe med? Ta den med! Denne workshopen er lett og ledig og passar for alle, enten du jobbar med lokalrevy/teater eller berre er glad i å leike og utforske.

**Yvonne Algrøy** har jobba i mange år som frilans skodespelar, songar og instruktør. Som skodespelar har ho vært tilsett mellom anna på Det Vestnorske Teateret, Teater Vestland, DNS og Rogaland Teater. Ho har også jobba i NRK og ved Dizzie Showteater i Oslo. Ho har sett opp ei rekke eigne forestillingar på dei fleste av Bergens private scener og er fast å sjå som museumsskodespelar ved Gamle Bergen Museum. Ho har vært tilsett i Øygarden kommune som dramalærer ved SFO, som kursleiar for kulturskulen der sine kurs "Musikk fra livets begynnelse" (barn 0-6 år) samt jobba tett med Øygarden kulturskulekor der ho som instruktør har satt opp store produksjonar for barn og unge (9-18 år) ved fleire høve. Ho har også vært instruktør for Sotra Teaterlag i ei årrekke (voksne 20-65 år), for deira revyar, cabareter og komedier. Ho har også master i dramapedagogikk og anvendt teater frå Høgskulen på Vestlandet.

